



Sak nr 7/2008

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F 309

F 309, Bjødnhøvd - søknad om flytting av hyttetomt

Festaren har i dag hytte på stølsutmålinga til Kåre Lome på Bjødnhøvd og skal rive den gamle hytta for å bygge ny. Det er eit ynskje frå fjellstyret at hytter kan bli flytta ut frå stølsjorda når det skal byggast nytt.

Fjellstyret drøfta flytting av tomta til Bjødnhøvd eller Kvålsstølen på møte i september. Styret gav signal om at dei var positive til flytting, utan å ta stilling til spesiell tomt.

Festaren har ikkje funne skikka tomt på Bjødnhøvd og søker om ny tomt på Kvålsstølen. Tomta ligg ovanfor stølen til Bjørn Ingar Vistehagen (S764) og litt nord for den nye tomta Gjermund Dalen (F 514) som vi såg på under befaringa i vår.

Søknad om grunndisponering blir avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Det føresett kommunal godkjenning av søknaden.

I sak 50/08 gjorde fjellstyret slikt vedtak:
Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn.

Bjørn Ingar Vistehagen er varsla om søknaden i eige brev og har ikkje kome med merknader.

Frå ordførar Eivind Brenna har fjellstyret motteke merknad om plassering og at søknaden må behandlast politisk i kommunen. Fjellstyret har i vedtak 50/08 gjort merksam på at søknaden føresett kommunal godkjenning.

Fjellstyret har motteke merknad frå Knut Storhaug om at hytta blir liggjande for eksponert. Han meiner vidare at hytta blir liggjande for nær dei aktive stølane og tilrår at hytta blir flytta litt lengre sørover mot området Gjermund Dalen (F 514) har søkt om å flytte hytte til. Storhaug vil protestere mot all flytting av hytter dersom fjellstyret har planer om å flytte andre hytter som ikkje høyrer til støslaga Kvålsstølen og Bjødnhøvd. Fjellstyret har tidlegare behandla søknad om å flytte hytte frå Grønsenn til Syndin. Fjellstyret frårådde i sak 59/03 slik flytting. Dette prinsippet står framleis ved lag. I denne saka har ein ikkje funne godt skikka tomt i nærleik av veg på Bjødnhøvd. Fjellstyret har ingen planer om å flytte hytter frå andre støslag til Kvålsstølen.

Fjellstyret har erfaring med at det lettare oppstår konflikstar når hyttene ligg på stølsjorda. Fjellstyret finn det derfor svært ynskjeleg at hytter blir flytta ut frå stølsjorder, når festaren er villig til det ved nybygging. Dette vil tene alle partar. Aktuell tomt er pr. i dag ca 300 m², men etter tomtefesteloven har festaren i utgangspunktet krav på 1000 m². Det har tidlegare vore konflikt om storleiken på inngjerdinga av denne hytta. Ein kan ikkje reknes det som usannsynleg at dette kan oppstå på nytt, dersom noverande eller seinare festar krev areal i samsvar med tomtefesteloven.

Fjellstyret meiner ein bør stille strenge krav til plassering i terrenget ved etablering av nye tomter. For å få festarane til å akseptere flytting, må ein i slike samanhengar likevel akseptere kompromiss med omsyn til plassering. Om tomta skal flyttast sørover frå omsøkt tomt, må ein vera merksam på at det her er ei kolgrop som er freda og ein stig som går sørover.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får flytte hyttetomta frå Bjødnhøvd til Kvålsstølen, med plassering ein stad mellom omsøkt tomt til F 309 og omsøkt tomt til F 514.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Marianne Lippestad
Vestre Slidre kommune
Ordførar Eivind Brenna
Statskog
Knut Storhaug